



## **Møte i Studentparlamentet**

nr 3/21-22

Onsdag 24. november 2021

Møterom SAA227 / Kantina

Kl 16.00-19.30

Matsservering kl 16.00 NB: i Kantina

Møtestart kl 16.30

## Saksliste

Sak 24 – 21/22:	Opprop og val av møteleing .....	3
Sak 25 – 21/22:	Godkjenning av innkallinga.....	3
Sak 26 – 21/22:	Godkjenning av dagsorden med saksliste .....	4
Sak 27 – 21/22:	Godkjenning av referat frå møte 27.10.21.....	5
Sak 28 – 21/22:	Vegen vidare for velferdsgruppa .....	5
Sak 29 – 21/22:	Rekneskapet for Fadderveka 21 .....	7
Sak 30 – 21/22:	Arbeidsprogram 21-22.....	9
Sak 31 – 21/22:	Etiske retningslinjer .....	10
Sak 32 – 21/22:	Studentparlamentet sine lokaler.....	11
Sak 33 – 21/22:	Orienteringar .....	12
Sak 34 – 21/22:	Eventuelt.....	12

## Sak 24 – 21/22: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

---

### Namneopprop

Ordstyrar får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om vi er vedtaksdyktige.

### Val av møteleiing

#### AU sitt forslag til vedtak:

- Irmelin Angell Losvik vert vald til ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad vert vald til referent
- Daria Jermacane og Fady Gemayel vert valde til teljekorps.

## Sak 25 – 21/22: Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

---

**Merknad frå AU:** Møtereglementet fastslår at sakspapira skal sendast ut ei veke før møtet. Grunna sjukdom greidde vi ikkje dette denne gongen, men vi bed likevel Studentparlamentet om å godkjenne innkallinga.

#### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

## Sak 26 – 21/22: Godkjenning av dagsorden med sakliste

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av saklista må meldast inn under dette punktet.

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande sakliste for møtet:

Ca tid	Saksnr.	Dagsorden for studentparlamentsmøte 27.10.21		Saksansvarleg
16.00		<b>Middag i kantina</b> Synfaring/sjekk av mogleg nytt lokale for Studentparlamentet (gamle Hustrykkeriet)		
16.45	24	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
	25	Godkjenning av innkallinga	V	Ordstyrar
	26	Godkjenning sakliste	V	Ordstyrar
	27	Godkjenning av referat frå møte 27.10.21	V	Ordstyrar
17.00	28	Vegen vidare for Velferdsgruppa	D	Velferdsansvarleg
17.15	29	Rekneskapet for Fadderveka 21	V	Fadderveka
17.30	30	Arbeidsprogram 21-22	V	Leiar
18.00	31	Etiske retningslinjer	D/V	Velferdsansvarleg
18.30	32	Studentparlamentet sine lokaler	D	Infoansvarleg
18.45	33	Orienteringar	O	Leiar
18.55	34	Eventuelt		
19.00		Møteslutt & møtekritikk		

\*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

## Sak 27 – 21/22: Godkjenning av referat frå møte 27.10.21

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar  
Vedlegg: Vedlegg 1 – Referat frå møte i Studentparlamentet 27.10.21

---

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 27.10.21.

## Sak 28 – 21/22: Veggen vidare for velferdsgruppa

Type sak: Orienteringssak  
Saksframleggar: Daria Jermacane

---

### Bakgrunn

Velferdsgruppa har eksistert i eit par år, og fungerer i dag som eit samarbeidsforum mellom ulike aktørar ved høgskulen for å gi studentane eit best mogleg velferdstilbod.

Gruppa består i dag av Studenthumanist Lone Knutsen, Studentprest Ruth Eva Sollie, studentrådgjevar i SiVolda Stian Mork Auberg, bibliotekar Elin Gundersen, studentrådgjevar ved HVO Ingunn Blindheim, organisasjonskonsulent Marit Aklestad, leiar ved Rokken Åge Staurset og studentkoordinator i SiVolda Kristin Habostad. Gruppa møttest fast ein gong i veka, og velferdsansvarleg Daria Jermacane og leiar Trond-Fredrik Hoddevik i AU er tett kopla på. Studentombod Nina Samuelsen og prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim deltek på møter innimellom.

### Til debatt:

Velferdsgruppa har behov for eit tydelegare og meir avklart mandat, blant anna fordi mange av dei som er med gjer det på toppen av dei ordinære arbeidsoppgåvene sine. Leiingsmøtet har difor diskutert ulike alternativ for gruppa, som kort kan oppsummerast slik:

#### Alternativ 0: Leggje den ned

Alternativ 1: Eit samarbeidsforum meir eller mindre som i dag, der dei ulike velferdstenestene samarbeider og koordinerer sine tenester. Minus ved dette er eit noko uklart mandat og arbeidsmengd, må søkje midlar for kvar enkelt aktivitet, og uklare linjer til øvrige utval og leiing.

Alternativ 2: Litt meir faste rammer rundt ressursar, disponere noko midlar, tydelegare leiing

Alternativ 3: Ei formelt nedsett gruppe med eit mandat og ressursar til å setje ting ut i livet på litt meir fast basis.

Alternativ 4: Hovudansvarlege for velferdstilbodet til studentar i Volda

**Velferdsgruppa sjølve sitt syn:**

- ser behov for eit tydelegare mandat og faste rammer, som alternativ 2 eller 3

**Leiingsmøtet sitt syn:**

Leiingsmøtet ser samla ein stor verdi i arbeidet velferdsgruppa gjer, og ynskjer at det skal halde fram. Leiingsmøtet er einige om at alternativ 0, 2 og 4 ikkje er aktuelle. Alternativ 2 blir oppfatta som for likt alt. 3.

- Leiingsmøtet opplever alternativ 3 som mest aktuelt med grunngjeving i at det er svært ønskeleg at dei held fram arbeidet sitt. Det blir sett føre seg at Velferdsgruppa med dette alternativet kan få søke ein sum for året. Skulle alternativ 3 ikkje vere aktuelt for velferdsgruppa, så er alternativ 1 ønskeleg.
- Leiingsmøtet ønskjer at velferdsgruppa kjem med eit standpunkt på kva alternativ som kan fungere best for dei. I høve alternativ 3 ønskjer leiingsmøtet at velferdsgruppa kan lage eit utkast til mandat, slik at ei formell avtale (arbeidsvilkår) kan lagast for dei som sit i gruppa.
- Studentparlamentet skal ha saka opp til komande parlamentsmøte og drøfte alternativa der. Det blir framlagt med leiingsmøtet sin posisjon.

**AU sitt syn:**

- AU deler leiingsmøtet sitt syn at vi treng ei styrking av arbeidet til velferdsgruppa og at alternativ 3 er det som utpeikar seg som best.

**Studentparlamentet** er oppmoda om å drøfte saka og leggje fram sitt syn som blir teke med i den vidare prosessen.

## Sak 29 – 21/22: Rekneskapet for Fadderveka 21

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Leiar for Fadderveka, Stian Woo Andersson

Styret for Fadderveka 2021 ved leiar Stian Woo Andersson legg fram årets rekneskap for Studentparlamentet.

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet tek rekneskapet til Fadderveka 2021 til vitende.

### Økonomisk resultat for Fadderveka 21

<b>Driftsresultat 2021</b>		
Samla inntekter 2021	kr	195 000
Samla utgifter 2021	kr	269 254
<b>Resultat Fadderveka 2021</b>	<b>-kr</b>	<b>74 254</b>
<b>Balanse</b>		
Overført frå 2020	kr	117 000
Resultat 2021	-kr	74 254
<b>Balanse - blir overført til Fadderveka 22</b>	<b>kr</b>	<b>42 746</b>

Budsjett 2021			Rekneskap 2021 - overordna		
<b>Budsjetterte inntekter</b>			<b>Rekneskap over inntekter</b>		
Sparebanken Møre	kr	30 000	Sparebank1 Søre Sunnmøre	kr	30 000
Sparebank 1	kr	30 000	Studentsamskipnaden i Volda	kr	80 000
Høgskulen i Volda	kr	50 000	Akademika	kr	5 000
Studentsamskipnaden i Volda	kr	80 000	Studentparlamentet i Volda	kr	5 000
Studentparlamentet i Volda	kr	5 000	Family Sports Club	kr	25 000
Avisa Møre	kr	3 000	Høgskulen i Volda	kr	50 000
Circle K	kr	5 000	<b>Totalt</b>	<b>kr</b>	<b>195 000</b>
Øvrig næringsliv	kr	25 000			
<b>Totalt</b>	<b>kr</b>	<b>228 000</b>			
<b>Budsjetterte utgifter</b>			<b>Rekneskap over utgifter</b>		
<b>Frivillige</b>	<b>kr</b>	<b>66 000</b>	<b>Frivillige</b>	<b>kr</b>	<b>91 951</b>
Konsertbilletter til frivillige	kr	40 000	Konsertbilletter til frivillige	kr	65 000
Fadderfrokost	kr	10 000	Fadderfrokost	kr	9 163
Hyttetur for styret	kr	16 000	Planleggingstur for styret	kr	17 788,08
<b>Informasjon/profilering</b>	<b>kr</b>	<b>66 000</b>	<b>Informasjon/profilering</b>	<b>kr</b>	<b>88 216</b>
Trykk av banner	kr	-	Plakatar og fysisk materiell	kr	7 137
T-skjorter + trykk	kr	40 000	T-skjorter + trykk	kr	43 566
Fadderpose	kr	23 000	Fadderpose inkl. innhold	kr	29 325
Innhold fadderpose	kr	3 000	Innhold fadderpose	kr	6 240
Styregensere + trykk	kr	-	Nettsider	kr	1 948
Designteam	kr	-			
<b>Arrangement</b>	<b>kr</b>	<b>57 000</b>	<b>Arrangement</b>	<b>kr</b>	<b>88 079</b>
Pizzakveld	kr	15 000	Pizzakveld i Kaarstadparken	kr	21 179
Årneset	kr	40 000	Meny til Togafest, Årneset	kr	65 700
Rebusløpet	kr	1 000	VSI-turering	kr	1 200
Organisasjonstorg	kr	1 000			
<b>Annet</b>	<b>kr</b>	<b>2 000</b>	<b>Annet</b>	<b>kr</b>	<b>1 008</b>
			Bankgebyr og årsgebyr, Visa Classic	kr	1 008
<b>Sum budsjetterte utgifter</b>	<b>kr</b>	<b>191 000</b>	<b>Sum, samla utgifter</b>	<b>kr</b>	<b>269 254</b>



## Sak 30 – 21/22: Arbeidsprogram 21-22

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Leiar Trond-Fredrik H. Hoddevik
Vedlegg:	Vedlegg 2: AU si innstilling på innkomne endringsforslag

Studentparlamentet vedtek kvart år eit arbeidsprogram som legg grunnlaget for arbeidet dette året. AU har etter utarbeida eit forslag basert på fjorårets arbeidsprogram, samt det overordna prinsippprogrammet som går over 4 år. Men skal arbeidsprogrammet bli best mogleg, treng vi medverknad frå Studentparlamentet.

Arbeidsprogrammet vart derfor behandla i grupper på førre møte i studentparlamentet, og parlamentet sendte inn sine forslag til endringar. AU har no gått igjennom desse og lagt fram si innstilling. På dette møtet skal vi vedta endeleg arbeidsprogram 21-22.

### **AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet voterer punktvis over AU si innstilling til dei innkomne endringsforslaga, før vi vedtek heilskapen for arbeidsprogrammet 2021-2022.

### **Bakgrunn**

Blant sine styringsdokument, har Studentparlamentet eit prinsippprogram og eit arbeidsprogram. Prinsippprogrammet går over 4 år, medan arbeidsprogrammet går over 1 år. Begge dokumenta er opne for revidering på januarmøtet dersom medlemmar i parlamentet eller AU ynskjer det.

Både prinsippprogrammet og arbeidsprogrammet lener seg på NSO sine prioriterte saker, samstundes som dei skal spegle studentane i Volda sine spesifikke behov. Målet med desse styringsdokumenta er å sikre kontinuitet for arbeidet i Studentparlamentet, og at ein får konkretisert kva oppgåver og saker ein vil jobbe med.

Arbeidsprogrammet er eit arbeidsverktøy for AU gjennom studieåret. Det er viktig at parlamentet sjølv får prege arbeidsprogrammet og prioriteringane der, slik at medlemmane i parlamentet kjenner eigarskap til arbeidet AU gjer, og at AU sitt arbeid er godt forankra blant medlemmane i parlamentet.

## Sak 31 – 21/22: Etske retningslinjer

Type sak:	Diskusjonssak, evt. vedtakssak
Saksframleggar:	Velferdsansvarleg Daria Jermacane
Vedlegg:	Vedlegg 3: Utkast til Etske retningslinjer for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Studentparlamentet har per i dag ikkje vedtatt nokon etske retningslinjer. Arbeidsutvalet har derfor utarbeida eit utkast med inspirasjon henta frå Norsk Studentorganisasjon og Studenttinget på Vestlandet. Formålet med etske retningslinjer er å sikre at alle tillitsvalde og representantar for Studentparlamentet har klare føresetnader for kva dei skal forvente og forpliktar seg til å gjere i møte med organisasjonen, både internt og eksternt.

Etske retningslinjer bør vere eit stabilt dokument som ikkje skal behøve store endringar frå år til år. AU legg difor ikkje opp til eit fast rullerings-intervall no. Men retningslinjene vil kunne endrast på lik linje med andre styringsdokument, og takast opp til revidering når AU eller Studentparlamentet ser at det er tid for justering.

AU ynskjer at dei etske retningslinjene skal få status som eit av organisasjonen sine styringsdokument. AU vil kome med forslag om å leggje dette inn i vedtektene når dei skal opp til revidering våren 2022.

### Til debatt

AU ynskjer at Studentparlamentet drøftar forslaget som er lagt fram. AU vil sjå an debatten med tanke på grad og mengd av eventuelle justeringar. Så er det opp til Studentparlamentet å avgjere om dei vil vedta retningslinjene slik dei er evt. med mindre justeringar i dette møtet, eller om debatten viser behov for ein innspelsrunde først, og endeleg vedtak i januar-møtet.

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek framlagt forslag til Etske retningslinjer

Dei etske retningslinjene får status som eit av Studentparlamentet sine styringsdokument, og blir ført opp slik ved neste revisjon av vedtektene.

### AU sitt alternative forslag til vedtak:

Debatten og mengde/grad av endringsforslag viser behov for å utsetje endeleg vedtak av Etske retningslinjer til januarmøtet. AU legg då fram ei innstilling på innkomne endringsforslag og Studentparlamentet tek saka opp til endeleg avgjerd.

## Sak 32 – 21/22: Studentparlamentet sine lokaler

Type sak:	Diskusjonssak
Saksframleggar:	Informasjonsansvarleg Bethel Britto
Vedlegg:	Vedlegg 4, dokument med bilete og skildring av fordelar og ulemper ved ei evt. flytting.

---

Høgskulen ser på moglegheita til å flytte studentparlamentet sine lokaler i samband med framtidig riving av Aasen-bygget. Bakgrunnen er at Akademika har sagt nei til å vere villig å flytte inn på nedlagte Hustrykkeriets lokale. Derimot er dei interessert i Studentparlamentets lokalar. Derfor har spørsmålet kome om Studentparlamentet kunne vere interessert i å flytte kontor til Hustrykkeriet.

Per i dag har Studentparlamentet eit kontor med 3 arbeidspultar og ein sofakrok + eit møterom med oppbevaringsplass til Fadderveka m.m. Det blir i dag nytta av studenthumanisten. I tillegg disponerer vi eit lokale på IB som kan brukast av studentorganisasjonane. Dette er i lite bruk i dag, og AU vil gjerne ha tilbakemelding frå Studentparlamentet dersom ein kjenner til studentorganisasjonane sitt behov for lokaler.

Lokalet til Hustrykkeriet inneheld eit «forrom» med posthyller til studentorganisasjonane, samt eit kontorlokale/lager som er delt med ein lettvegg.

### Til debatt:

Arbeidsutvalet har sett på lokalet og gjort seg nokre tankar, men ønskjer at medlemmane i Studentparlamentet skal få sjå lokalet det er snakk om og gjere seg opp ei meining om saka. AU vil ta innspel og synspunkt frå Studentparlamentet med seg i den vidare prosessen. Saka vil kome attende til Studentparlamentet for endeleg avgjerd seinare.

AU vil gjerne også ha innspel på om vi har oppfatta behovet til Studentorganisasjonane rett (sjå meir om dette i bakgrunnen).

### Bakgrunn

AU sitt førsteinntrykk av hustrykkeriet sine lokaler:

- Vanskeleg å sjå føre seg korleis det kan bli dersom det blir pussa opp, men uaktuelt slik det er i dag.
- Det ligg skjult. Gjer Studentparlamentet mindre synlege for studentane
- Det har lite naturleg lys og mykje ventlasjonsrør og liknande i taket. Framstår som eit lager. Usikre på om det oppfyller dagens krav til kontormiljø
- Men kan vere positivt at der er stillare og mindre trekkfullt
- Kan vere areal nok til å evt. byggje inn både stille kontor og open skranke/møterom/sofakrok?

- Må evt. også ta med i berekninga behov til studenthumanist/studentprest
- Må evt. også ta med i berekninga behov til studentorganisasjonar

AU vektlegg at dagens kontor har gode kvalitetar ved å vere lett tilgjengeleg og synleg for studentane. Negative sider ved dagens kontor, er at det er lytt mellom kontoret og møterommet, at det er støy frå gangsona/ manglar ei stille arbeidssone. Deler av inventaret er også nedslite/utdatert.

Behovet til studentorganisasjonane slik AU oppfattar det:

- Behov for eigna møterom til møter og arrangement. Ordinære klasserom blir brukt i mangel på alternativ per i dag.
- Studentorganisasjoane ynskjer å kunne booke møterom som har fasilitetar som tekjòkken, sofakrok etc. tilsvarande Miljørommet eller Kaarstadstova (dei kan ikkje bookast per i dag)
- Behov for noko oppbevaring av materiell, typ roll-up og brosjyrar
- Behov for postmottak/posthyller?
- Kjellarlokalet på IB har vore lite brukt etter koronaen starta. Noko av grunnen kan vere at få kjenner til lokalet. Ein annan grunn kan vere at det ligg usentralt på campus.

## **Sak 33 – 21/22: Orienteringar**

Type sak: Orienteringssak  
Saksframleggar: Leiar Trond-Fredrik Hoddevik

---

### **Info frå AU**

### **Info frå studentar i råd og utval**

### **Info frå medlemmane i Studentparlamentet**

### **Dette skjer framover:**

- Julebord fredag 10. desember
- Januarmøte 26.01.22

## **Sak 34 – 21/22: Eventuelt**

Type sak:  
Saksframleggar:

---

**Studentparlamentet**  
Sakspapir til møte 24.11.21



Møteslutt planlagt ca 19.00

Møtekritikk etter formell møteslutt.